



Henning Kleiven  
Mykingvegen 857  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/1082 - 19/9564

Saksbehandlar:  
Nils Kaalaas  
NIK@lindas.kommune.no

Dato:  
20.03.2019

## Bygging av Høghøyen landbruksveg gnr 32/1,2

### Dokument:

Søknad om bygging av landbruksveg gnr 32 bnr 1 og 2 Kleiven reg 28.03 2017  
Søknaden sendt regionale mynde til høyring 17.01. 2018  
Høyring uttalelse Kultur og idrettsavd dat 07.02. 2018

### Lovgrunnlaget:

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar av 28.05. 2015  
Naturmangfaldlova § 7

### Saksutgreiing:

Vegen er planlagt som skogsbilveg vegkl 4 i ei lengd av ca 460 meter og vil løysa ut ca 200 dekar med kulturskog av gran og i tillegg betra tilkomsten til ca 50 dekar overflate dyrka beite. Etter eit grovt overslag vil denne vegen gje tilkomst til ca 10.000 m<sup>3</sup> som kan takast ut i nærmeste framtid. Vegen har vore sendt på høyring utan at det er kome vesentlege merknader til bygging av denne.

### Saksutgreiing:

Vegen vil gje tilkomst for store delar av kulturskogen på desse brukna og i tillegg vil den kunna med ei forlenging gje framtidig tilkomst til skogen/utmarka på nabogarden Lid. Ut frå dette er det heimel for å gje løyve til bygging etter landbruksveg forskrifa.

Kommunen har vurdert søknaden etter Naturmangfald lova § 7utan at ein kan sjå at det er registreringar som ein må ta omsyn til under ut over det som er vanleg ved vegbygging og skogsdrift. Når det gjeld fare for flaum og ras kan ein heller ikkje sjå at vegbygging som er om søkt vil føre til auka fare. Når det gjeld fare for flaum så vil ein likevel gjera merksam på at det til tider kan koma mykje vatten i elva som kjem ned frå Bjørnevoll. Starten på vegen vil kryssa denne bekken og det må det takast omsyn til ved val av dimensjon på stikkrenne.



## Vedtak:

Det vert synt til saksutgreiinga og med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05. 2015 godkjenner Lindås kommune bygging av ein 460 meter lang skogsbilveg vegkl 4 frå kommunevegen til Bjørnevoll og fram på Høghøyen. Ein vil likevel gjera merksam på det som kjem fram i høyringsbrevet som kom tilbake frå fylkeskommunen at om at arbeidet skal stansast og det skal gjevast melding om det under arbeidet vert avdekka fortids funn.

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Mottakarar:

Henning Kleiven

Mykingvegen 857 5913

EIKANGERVÅG